



Olafia Zoega

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/845 - 17/19113

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
28.09.2017

GBNR 23/583 (tidl 23/567), Elvaåsen hus 12 - Endringsløyve - Oppføring av garasje til erstatning for carport

Administrativt vedtak. Saknr: 264/2017

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søkjar: Tysseland Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om endring av løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak:

Tysseland Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar, Boligbygg Vest AS, søkt om endring av løyve ved oppføring av tomannsbustad m/carport på planområde BK 10 i Elvaåsen, gbnr 23/567.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 197/2016, dagsett 10.06.2016. IG for grunnarbeid og løyve til tilkopling til kommunalt VA - anlegg vart gitt i vedtak 233/2016, dagsett 05.07.2016. IG for resterande arbeid vart gitt ved administrativt vedtak 16/2017, dagsett 13.01.2017.

Vurdering:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Føreliggjande søknad inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov - og plangrunnlag

Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette.

Vedtak

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve oppføring av garasje som omsøkt til erstatning for tidlegare godkjent carport på planområde BK 10 i Elvaåsen, gbnr 23/583, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 28.09.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med oppdatert gjennomføringsplan motteke 25.09.2017 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»>

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Hus 12_Skisser for garasje

GBNR 23/583 (tidl 23/567), Elvaåsen hus 12 - Endringssøknad - Oppføring av garasje til erstatning for carport

Følgeskriv